Til deg som søkjer fritak eller endring

frå renovasjonsordning og/eller slamtømmeordning

Forskriftene for innsamling av hushaldsavfall og tømming av slamavskiljarar og tette tankar, som vart vedtekne i kommunestyret hausten 2007, er grunnlag for SIM sitt arbeid med renovasjon og slamtømming. Forskriftene kan lastast ned frå https://sim.as/ditt-avfall/forskrift/ *, eller bestillast frå SIM.*

Retningslinjer ved søknad om fritak

Renovasjonsavgifta er lovpålagd for alle hushald og kan ikkje seiast opp. Det kan søkjast om fritak frå renovasjonsgebyr under spesielle tilhøve.

Føresetnad for å kunne søkje:

- Bustaden må vere ubudd i minst eitt år frå den første i påfølgjande månad.
- Søknaden må gjelde for minst eitt år.

Føresetnad som ikkje gir fritak:

- Fritak vert ikkje innvilga for påbegynt fakturaperiode (januar – juni eller juli – desember).
- Fritak vert ikkje innvilga med tilbakeverkande kraft.

Fritidsbustader:

- Fritidsbustader er underlagt ei strengare vurdering enn heilårsbustader i høve til fritak for renovasjonsavgift.
- Fritidsbustad med normal standard, men som ikkje vert nytta eller vert nytta svært lite vil normalt ikkje få innvilga fritak.
- Døme på situasjonar der fritidsbustad kan få innvilga fritak:
  - bygget er ubueleg som følgje av renovering
  - bygget er ubueleg som følgje av forfall
- Byggets tilstand må dokumenterast i form av bilete.

Permanent fritak:

- Permanent fritak vert aldri innvilga til gebyrpliktige bygg. Dersom ei bustad er riven eller ned brent, føreligg det ikkje lenger gebyrplikt på eigedomen. I slike høve kan avtale om renovasjon avsluttast. Bortfall av gebyrplikt må dokumenterast.
- Hyblar, kjellarleilegheiter o.l. kan heller ikkje få innvilga permanent fritak. Eigaren kan søkje kommunen om bruksendring. Ved bruksendring frå 2 til 1 bustadeiningar fell gebyrplikta bort for den eine eininga.

Kva skjer dersom fritak vert innvilga:

- Behaldarane blir henta inn av SIM. Behaldar(ar) må vere tilgjengelege for henting, eventuelt bytte, når våre folk kjem.

- Det er ein kostnad for henting og reingjering av behaldarane og administrativt arbeid. Beløpet fakturerast eigaren. For pris sjå administrasjonsgebyr fritak i prislista vår.
- Dersom føresetnadane for fritak endrar seg, må abonnenten snarast gi beskjed til SIM for å starte abonnementet på nytt. Døme på dette er at bustaden vert teken i bruk tidlegare enn venta.
- Dersom fritak blir innvilga på grunnlag av uriktige opplysningar, kan fritak bli kansellert og avgift bli etter-fakturert for heile fritaksperioden.

Ved utløp av fritaksperioden:

- Abonnementet startar automatisk opp når fritaksperioden går ut.
- Ved behov for forlenging av fritak må det søkjast på nytt før fritaksperioden går ut.
- Når fritaksperioden er avslutta får kunde automatisk retur av sine behaldarar.

SIM har ikkje forvaltninga i Sveio kommune. Innbyggjarar i desse kommunane må senda søknaden til kommunen.

Med helsing
Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS
tlf. 53 45 78 50 – e-post sim@sim.as – nettstad www.sim.as